

Vår løysing for russisk litteratur

Denne hausten kjem det etter alt å døma ut berre éi russisk skjønnlitterær bok her i landet, men til våren lysnar det.

LITTERATUR

OTTAR FYLLINGSNES
ottar@dagogtid.no

Frå det anglosaksiske språkområdet kjem det kvart år ei mengd bøker, alt medan straumen av russisk litteratur er så liten at det somme tider kan minna om ein boikott.

– I 2007 var me nokre omsetjarar som var på bokmesse i Moskva, og det viste det seg at russarane hadde sett om 27 bøker frå norsk til russisk det året. Same året vart det omsett sju russiske bøker til norsk, og det var mykje. Åra før vart det omsett ei eller to bøker, fortel Marit Bjerkeng, som er førstelektor ved Høgskolen i Alta.

BERRE ÉI BOK

Denne hausten er *Køen* av Vladimir Sorokin truleg den einaste russiske skjønnlitterære boka

som kjem på norsk, og vesle Flamme forlag står bak utgjevinga.

– Russland er eit digert naboland og ei verdsdramat, men i Noreg kjem det ut langt færre russiske bøker enn det ein kunne venta seg. Tidlegare har Erik Egeberg og Geir Kjetsaa sytt for mange gode omsetjingar av den klassiske russiske litteraturen, men frå 1995 har det vore svært tynt.

– Nokre få russiske forfattarar er omsette til norsk i denne perioden, som Viktor Pelevin og krimforfattaren Boris Akunin. Eg har sjølv sett om to bøker av Ljudmila Ulitskaja. Det har også kome ei bok av den russiske krimforfattaren Aleksandra Marina, men ho har fått svært lite merksemd. Både danskane og svenskanane har langt meir å by på. Situasjonen for russisk litteratur her i landet er sørgjeleg.

BROT I TRADISJONEN

– Kvifor vert så få russiske bøker omsette til norsk?

– Etter samanbrotet i sovjet-systemet vart det eit brot i tradisjonen, og det vart eit behov for å lesa seg opp på det som hadde vore forbode. Det vart slutt på sovjetlitteraturen og sensuren, og gamle forfattarar kom inn for fullt. Brått las russarane Bulgakov og Nabokov og alle dei som hadde vore forbodne. Naturlegvis var det russarar som skreiv, men det skjedde eit sambrot i litteratursystemet. Det dukka opp frie forlag, og det var vanskeleg å orientera seg for både russarane og for andre. Dessutan er det ikkje så mange som held på med russisk her i landet, men neste år skal det skje noko, varslar Bjerkeng.

Ho har sjølv sett om romanen *Venus hår* av Mikhail Sjisjkin (48) til norsk, og truleg kjem han på Forlaget Oktober neste år.

– Ein spennande roman frå ein prislønt forfattar. Sjølv om boka er nokså krevjande, vann ho den nasjonale bestseljarprisen, fortel Bjerkeng.

Ho viser til at dei russiske litterære prisane aldri får noka merksemd her i landet.

– Det er ingen nordmenn som får vita om vinnarane av dei tre



– I 2007 vart 27 norske bøker omsette til russisk – og sju russiske bøker til norsk.

Marit Bjerkeng, førstelektor

– Eit stort talent

– Sorokin er «enfant terrible» og «leiande monster»



Professor Ingunn Lunde dreg fram Vladimir Sorokin som ein av fleire nye, interessante russiske forfattarar.

Slik lyder karakteristikane av Vladimir Sorokin (54) i litteraturkritikkane.

Denne hausten gav Flamme forlag ut Sorokins *Køen*. Russaren vart invitert til Noreg, og han samla eit stort publikum både i Oslo og i Bergen.

Køen er ei spesiell bok som er oppbygd berre av replikkar. Boka vart skriven tidleg i 80-åra og vart utgjeven i Paris i 1985. Sorokin vart kjend i Vest-Europa, og det var først på slutten av 1990-åra at han vart kjendis og segla opp


som ein kultforfattar i Russland.

– Sorokin er ein av dei gode og interessante russiske forfattarane i dag, meiner russiskprofessor Ingunn Lunde.

HAR OVERRASKA

Ho viser til at i utgangspunktet er Sorokin konseptualist. Han dyrkar ein slags rein litteratur som ikkje refererer til politik.

– Sorokin har overraska med kvar bok han har skriva, men i dag skriv han litteratur som vert lesen som politisk svært skarp.



Vladimir Sorokin er den einaste russaren som kjem med skjønnlitterær bok på norsk denne hausten. Foto: [Ukjent]

prestisjefylte prisane: den russiske Bookerprisen, Den store boka eller Den nasjonale bestseljaren. Sjisjkin har fått både Bookerprisen og Den nasjonale bestseljarprisen, og Ulitskaja har fått Bookerprisen. Me som har lese bøkene deira, undrar over oss over kvifor det har vore så stilt om dei i Noreg.

I samband med eit lyft for ny russisk litteratur vert det russisk veke på Litteraturhuset i Oslo til våren, og eit knippe russiske forfattarar kjem på besøk.

DEN RUSSISKE BØLGJA

For no skal det skje noko med russisk litteratur her i landet.

– Me er nokre som synest at

det har vore merkeleg stilt om russisk litteratur. Peter Normann Waage, Martin Paulsen, Dina Roll-Hansen og eg har skipa ei lita foreining som me har kalla Petrusjka. Me samarbeider med Cappelen Damm om ein serie med russiske bøker. Det inneber at neste år kjem det ut tre russiske bøker på norsk, i tillegg til Sjisjkin-omsetjinga mi.

Dei som står på programmet, er Viktor Jerofejev, som er ein kulturpersonlegdom med eige debattprogram på russisk fjernsyn. Boka hans inneheld eit essay som han har kalla «Gravøl for sovjetlitteraturen», attåt forteljinga «Livet med en idiot», som er eit døme på den nye litteraturen.

Dei to siste romanane er lesne som politisk satire som framstiller ein framtidstopi frå 2028 då landet har utvikla seg vidare i retninga som Putin står for. Sorokin er svært kritisk til den russiske statsministeren, og boka er skremmande, fortel Lunde.

Ho fortel at Sorokin har gått bort frå det mest eksperimentelle, og for nokre år sidan gav han ut ein trilogi – «Istrilogien» – med ein meir tradisjonell forteljarstil.

– Han har vorte teknisk lettare

å lesa, sjølv om tematikken framleis er brutal, fortel Lunde.

– Kva trender er det som rår i den russiske litteraturen?

– Det er eit spørsmål som russarane stadig stiller seg. Det finst nyrealistar og eksperimentelle forfattarar. Det finst framtidstopiar og okkult litteratur. Det er mykje dyster litteratur, men det finst også dei som skriv både ironisk, morosamt og underholdande, som Aleksej Slapovskij, som nett er omsett til dansk med romanen *De er overalt*.



Nils-Øyvind Haagensen

Den andre forfatteren er Ljudmila Petrusjevskaja. I Russland veit alle kven ho er, men ho har ikkje vore omsett til norsk tidlegare. Ho er omsett til mange språk, og dramatikken hennar er spela i mange land. Den tredje som kjem på norsk neste år, er Vladimir Makanin, og han skriv spesielle og tanketunge romanar.

Planen er at det skal koma tre russiske bøker både i 2011 og i 2012. Målet er å gjera nyare russisk litteratur kjend her i landet. Bak ligg det eit ønske om å fylla hol og å presentera forfattarar som ikkje er omsette før.

– Det vert skriva spennande romanar om den russiske samtida?

– Ja visst, og russarane gjer det på mange vis. Det finst realistiske, forteljande romanar, men også eksperimentell litteratur og sære forteljemåtar. I Russland har det vore ein tradisjon at forfattaren skal koma med dei store livsvisdomane om korleis folk bør leva. Men det finst også døme på muntrare litteratur som tek opp sentrale livsspørsmål. Sjølv vil eg gjerne slå eit slag for Ulitskaja, som skriv episke romanar om både samtida og om korleis folk levde i sovjettida. Den siste boka hennar er ein brevroman som handlar om ein polsk jødeprest som måtte vera tolk for tyskarane under krigen. Men så konverterer han til katolisismen

og byrjar å studera teologi. Sidan reiser han til Israel. Der vert han katolsk prest, og han får både jodar og palestinarar i kyrkje-lyden.

– Har du inntrykk av at det er interesse for russisk litteratur her i landet?

– Ja, interessa er ganske stor. Etter kvart kjem det stadig fleire russarar til Noreg, og i Nord-Noreg er dei den nest største innvandrargruppa. Det kjem russarar inn i mange familiar, og det gjev ringverknader. På Ordkalotten i Tromsø handla det for to år sidan om russisk litteratur, og arrangementa var svært godt gjeita.

når presset aukar. I den samanhengen brukte han eit bilete: Han såg folk koma ut frå bokhandelen med armene fulle av bøker. Han samanlikna det med ved, og konkluderte med at folk må ha noko å varma seg på når temperaturen går ned i landet, seier Lunde.

Ho meiner at det er viktig at det kjem ut litteratur som gjev eit meir nyansert og eit breiare bilete av dagens Russland enn dei små glimta som kjem fram i nyhendekanalane.

Den russiske dystopien


– Skrekkvisjonen om Russlands framtid er ein populær sjanger.

Et vidgjete døme på det er Tatjana Tolstasjas roman *Kys* frå 2000, fortel russiskprofessor Ingunn Lunde.

I slutten av november brukte den svenske avisa Dagens Nyheter tre sider på å fortelja historia om den russiske forfattaren Dmitrij Glukhovskij (36). Det skjedde i samband med at den dystopiske romanen *Metro 2033* kom ut på svensk. Glukhovskij byrja å skriva på boka i 1989, då Berlinmuren fall, og etter det forfattaren fortel, er ho seld i ein million eksemplar.

Handlinga i romanen byrjar når verda har gått under. Det har gått tjue år etter akopalypsen, og dei einaste som har greidd seg, lever på tunnelbanestasjonane i Moskva. Ulike fraksjonar kontrollerer linene og stasjonane. Dei marknadsliberale styrer ringen, medan kommunistane har grepet om den raude lina. På nokre sentrale plassar huserer dei frykta mutantane, og mafiaen har lagt under seg fire stasjonar, fortel Dagens Nyheter.

Hovudpersonen i boka hugsar ikkje livet oppe på jorda, men han lengtar dit. Men det er far-



Vladimir Glukhovskij har gjort dystopien *Metro 2033* til ein bestseljar i Russland.

leg å gå opp dit, både på grunn av mutantane og kjerneavfallet.

Oppfølgjaren, som har fått tittelen *Metro 2034*, er alt lansert i Russland, og det skal koma ei bok til. Det vert dessutan satsa stort på dataspel *Metro 2033*.

Når Glukhovskij skal visa til inspirasjonskjeldene sine, nemner han ikkje science fiction-forfattarar, men Jorge Luis Borges, Julio Cortázar og Gabriel García Márquez.

Han synest at det endeleg byrjar å skje noko i den russiske litteraturen.

– Vladimir Sorokin er favoritten med *Blått fett, is* og *En opritsjniks dag*, seier Glukhovskij.

Ein nasjonalbolsjevikk

– Forfattaren Eduard Limonov skil ikkje mellom litteratur og politikk.

Han er ein ekstremist, fortel professor Ingunn Lunde.

På Wikipedia vert Limonov omtalt som fascist. Han er grunnleggjar og leiar for det radikale Nasjonalbolsjevikkpartiet, som har til mål å samla heile Europa, Russland og den nordlege delen av Asia under russisk styre. Han er motstandar av Vladimir Putin.

– Han kler seg som Trotskij og har kopierte frisyren hans. Det byrja som ei estetisk greie, men no trur eg det har vorte stadig meir alvor. Han vert arrestert tre gonger i veka, men vert sleppt ut att, fortel den russiske forfattaren Dmitrij Glukhovskij til Dagens Nyheter.

Limonov var god ven med den serbiske leiaren Radovan Karadzic. På YouTube finst det eit absurd klipp: Limonov og Karadzic står på ei høgd ovanfor Sarajevo, og den serbiske leiaren legg ut i det vide og det breie. Medan



Forfattaren og rabulisten Eduard Limonov vil samla halve verda under russisk styre.

han går inn i eit lite skur for å ringja til kona, legg Limonov seg ned bak eit maskingevær og fyrer laus – å sjå til mot sentrum av Sarajevo.

– Limonov er ein provokatør frå ende til annan, men han er ein forfattar som har skriva interessante ting. Men det er ikkje han eg vil rå norske forlag til å satsa på, seier Lunde.

i den nye russiske litteraturen.

SØKJER NYE KLASSIKARAR

Lunde fortel at russarane er vane med at det skal vera klare hovudtrender i litteraturen.

– Dei søkjer dei nye klassikarane, men førebels har dei ikkje dukka opp. Det heng saman med at litteraturen har heilt andre kår enn han hadde i sovjettida. Forfattaren hadde høg status med mange privilegium, og det var klare retningslinjer om kva litteraturen skulle innehalda. I Russland fanst det ein tradisjon for at forfattaren skulle vera ånde-

leg vegvisar og stå for ein slags ansvarlegheitsestetikk. Forfattaren skulle visa veg moralsk, men slik er det ikkje lenger. Mange har byrja skriva litteratur for å tena pengar, og mellom dei er det gjerne krimsjangeren som dominerer.

Men Vladimir Sorokin uttalte i haust at interessa for krim hadde gått ned, og at interessa for god litteratur er aukande. Han sette det i samanheng med tyngre tider og myten om at ein vert meir interessert i åndeleg føde